

Medlemmer av Samarbeidsutvalet

Ikkje publiser
IP

Dykkar ref.

Vår ref.
20/16260-32Dato:
21.01.2026

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 13.01.2026

Møte nr.	2
Møtedato/tid:	Tysdag 13.01.2026 klokka 19.30
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Bente Blomvågnes-Bakke, leiar FAU Jimmy Håkonsund, politisk representant Dorthea Revne Klepsvik, leiar elevrådet Alexandra Busomoke, nestleiar elevrådet Kristin Mellingen, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Meldt avbod: Janet Sangolt Kleppe, representant for lærarane Jannicke Håkonsund, nestleiar FAU

SAKSLISTE

9/25-26	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent
10/25-26	Oppfølging av saker frå førre møte Evalueringa av prosjektveka frå elevane • Evaluering prosjektveke • Nokre elevar opplevde det som urettferdig at nokon hadde utflukter, medan andre var heile veka på skulen. • Tydelegere markedsføring av gruppene og meir informasjon når lærarane går igjennom. • Fleire gutar enn jenter på visse grupper. Kanskje betre med tre val.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUMEPostadresse
Ternholmvegen 2
5337 RONGKontonummer
6130.05.01590
Organisasjonsnummer
922 53 0890E post
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	• Innspel: Band til neste år, idrett og street food and street art må fortsette, ballkultur tilbake igjen, kanskje meir idrett sidan mange vil ha det. • Panorama • Framføringa som heilskap var utroleg bra. • Kan vere lurt med plakater med programmet, slik at ein veit når ein skal på scenen. • Sitje med gruppa/eventuelt klassen. • Snakke om forventningar på førehand - også mobilbruk. • Tydelegare beskjed om aktivitetar i pausen og loddosal. Evaluerings av juleballet • Veldig gøy! Veldig høg deltaking. • Lurt med gjerde og innsjekk. • Alkohol – nokon som hadde drukke • Dj var blanda følelsar, nokon likte musikken godt, andre var meir skeptiske. Kjekt med danseleikane. • Det bør vera strengare teljing av stemmer, og kanskje bør me vurdere digitalt stemmeskjema sidan det tok lang tid å telja stemmene. • Ekstra kortlesar kan vera ein ide.
11/25-26	Informasjon frå elevrådsleiar og nestleiar Rekneskapen til juleballet var mykje betre enn sommarballet. Det er planlagt at ein i Elevrådet skal sjå på Elevundersøkinga neste møte. Elevrådet skal senda leiar og nestleiar til Elevtinget i mars på Gardermoen. Elevrådet skal setja i gong ein reflekskampanje som handlar om å kor viktig det er å bruka refleks. Kinobillett til premie. Frist 1. februar. Miljøvenn er noko nytt ein vil prøva. To personar frå kvar klasse skal ha ansvar for eit område på skulen og sørge for at det er i orden. Kvar klasse skal ha fire veker kvar.
12/25-26	Informasjon frå FAU Juleballet blei diskutert i FAU. Det er mistanke om alkohol som var gøymt i gymsalen på førehand og alkohol på innerlomma, så ein ønsker strengare kontroll med blåsing ved sterk mistanke om alkohol. Ingen flasker bør koma inn. Bakdøra må låsast og det må vera vakt der. Skriv ut til vaktene i forkant med informasjon, og god informasjon til elevane på førehand.. Når det gjeld prosjektveka, skal ein setja meir trøkk på sponsergruppa. Synest det viktigaste er at prosjektveka blir gjennomført for elevane, ikkje framsyninga.
13/25-26	Informasjon frå rektor

Knutec blir til Sjøblikk: I staden for å kalla huset nede på Knutec for Knutec, har det no fått namnet Sjøblikk. Det skal bli laga eit flott skilt med namnet og me håper at det blir eit namn som får fram kor fint det er der nede, uansett om det er blikkstilte eller storm. Det er elevar på basen som står bak namnet, og me synest det er eit passande namn som me håper blir implementert.

Matematikkloftet: Tre av våre lærarar har fått plass på Matematikkloftet.

Matematikkloftet er eit kompetanseutviklingstilbud til skular som ønsker å gje elevane ein meir praktisk, utforskande og variert matematikkundervisning. Kompetanseutviklingen går over to år og er samlingsbasert. Me vil jobba med dette i samband med utviklingsarbeidet vårt.

Nasjonale prøver: Me gjekk gjennom resultatet av nasjonale prøver som var i haust.

Elevrepresentantane seier at dei meiner at KI er eit problem for læring. Dei meiner me bør ha mindre digital læring, og jobba meir i bøker og skriva for hand. Det er elevar no som ikkje forstår handskrift på tavla.

Elevundersøkinga: Me gjekk gjennom Elevundersøkinga. Me ser at trivselen er lågare for 10. trinn enn for dei andre to trinna. Det kom spørsmål om dette kunne vera grunna manglande skuletur i starten av skuleåret for å rista klassane og trinnet betre saman. Det er vanskeleg å svara på det.

Me har framleis høge mobbetal sjølv om dei på to av trinna er lågare enn i fjor. Her må me gå inn i tala og sjå kva det kan vera som gjer dette, for verken dei tilsette eller elevane kjenner seg igjen i tala.

Tendensen i svara er at niande trinn skårer på landsgjennomsnittet eller over på nesten alle svara, og dei har hatt ei positiv utvikling i forhold til svara dei gav på åttande trinn. Ein snakka i SU om at dette kunne ha ein samanheng med at desse elevane var delt i fire klassar på åttande trinn og at då var det ein del uro og vanskar, men at me delte dei på nytt i niande trinn, men då i fem klassar. Eit innspel frå den eine elevrådsrepresentanten er at då hadde skulen hatt eit år på seg til å bli kjent med elevane og at dei inndelingane som blei gjort blei veldig lure og gode. På niande trinn får elevane spørsmål om korleis dei likar å jobba, dei får større valfridom og dei blir tatt med på råd om kva vurderingsform som passar til det arbeidet som skal gjerast. Dei har også oftare prøver, noko som gjer at det blir meir ein vane og ikkje så stort og noko ein treng grua seg til. Ho fortalde også korleis dei har sett på kompetansemåla, brote dei ned og forstått dei før dei fekk velja korleis dei ville svara på oppgåva.

På tiande trinn ser det ut til at ein skårar generelt lågare enn landsgjennomsnittet på spørsmåla, og elevrådsleiaren som kjem frå tiande seier at det er litt frustrasjon på grunn av dårleg tid og mykje som skal gjerast det siste skuleåret. Det blir mykje skriving.

14/25-26	Eventuelt Ikkje noko som blei tatt opp her.
15/25-26	Saker som skal følgjast opp Tal frå Elevundersøkinga – spesielt mobbetala. Kvifor har tiande så stort avvik frå dei andre trinna på svara sine?

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur